

*Heimel: Fastsett av Øygarden kommunestyre 19.12.2019 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 16-1 andre ledd.*

## § 1 GENERELLE BESTEMMINGAR

Kommunens abonnentar betaler for vass- og avløpstenester som kommunen leverer. Det kommunale selskapet ØyVAR AS er leverandør av vass- og avløpstenestene. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av statlege lover og forskrifter, regulativ og abonnementsvilkår. Dette er dei viktigaste dokumenta:

- lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg
- forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kapittel 16
- forskrift 19. desember 2019 nr. 13 om vass- og avløpsgebyr i Øygarden kommune (dette dokumentet)
- gebyrregulativ for det aktuelle året
- standard abonnementsvilkår for vatn og avløp, tekniske og administrative bestemmingar
- VA-norm for Øygarden kommune
- leveringsvilkår i kommunens hovudplan for vatn og avløp
- forskrift 11. desember 2019 om beregning av selvkost
- lov av 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova)

## § 2 FØREMÅLET MED FORSKRIFTA

Forskrifta inneheld bestemmingar om berekning og innbetaling av gebyr som abonnentane skal betale for kommunens vass- og avløpstenester.

## § 3 DEFINISJONAR

I denne forskrifta meiner vi følgjande:

- a) *Abbonent*: Tinglyst eigar eller festar av eigedom som er tilknytt kommunens vassforsynings- og/eller avløpsanlegg, direkte eller gjennom eiga/felles privat stikkeledning. Som tilknytt reknar vi også eigedom som kommunen i medhald av plan- og bygningslova har kravd at skal ha slik tilknytning.

Når ikkje anna er avtalt, er det festaren – og ikkje eigaren – som skal svare for avgift for bortfesta grunn, dersom festaren har arvefeste eller festerett for så lang tid at det er att minst 30 år av festetida rekna frå det tidspunktet då avgiftsplikta kom opp. Det same gjeld når avtalen gir festaren rett til å krevje festetida forlengd så mykje at det blir att ei festetid på minst 30 år, dersom festaren gjer bruk av retten sin. Dersom det ligg føre avtale mellom grunneigar og festar, kan festar vere abonnent for kortare festetilhøve enn 30 år. Ein grunneigar kan vere abonnent for festetilhøve ut over 30 år dersom det ligg føre avtale om dette.

- b) *Eigedom*: Fast eigedom med eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon som er etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar, skal reknast som sjølvstendig eigedom.
- c) *Abonnement*: Avtale mellom abonnent og kommunen om vassforsynings- og/eller avløps-tenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar, private stikkleidningar og private vass- og avløpsanlegg til kommunens vass- og avløpsanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg. Avtale om tilkopling via privat fellesleidning blir rekna som abonnement.
- d) *Sanitærinstallasjonar*: Abonnenteigde røyr, installasjonar og utstyr innanfor husets ytterveggar som er knytt(e) til vass- og/eller avløpsanlegg.
- e) *Privat stikkleidning*: Private leidningar (stikkleidningar) og utstyr mellom husets ytterveggar og offentleg vass- og/eller avløpsleidning, inkludert anboringsklave.
- f) *Avløpsvatn*: Både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.
- g) *Bygg*: Byggverk som har måleverdig bruksareal etter Norsk Standard 3940, og som er ført i matrikkelen med eige bygningsnummer, jf. matrikkellova § 25 og matrikkelforskrifta § 3 første ledd.
- h) *Gebyrpliktig eining*: Eigedom som er registrert i matrikkelen omtalt under bokstav b) og har eige bygningsnummer, samt kvar ei bueining og brukseining. Eigedom utan bygg som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, og der det er tilsikta uttak av vatn, blir i denne forskrifta rekna som ei gebyrpliktig eining.
- i) *Brukseining (anna enn bustad)*: Rom eller samling rom og opne delar som saman blir nytta til eit bestemt føremål av ein brukar, som kan vere eigar, leigar eller annan bruksrettshavar. Bygning eller del av bygning (lokale) som blir nytta til næringsverksemd eller offentleg verksemd, blir rekna som brukseining.
- j) *Bueining*: Sjølvstendig bueining som er tilrettelagd for varig opphald med tilgang til kjøkken eller anna innretning for matstell. Bueininga er omfatta av forskrifta dersom ho er permanent oppsett som bustad eller har fungert som bueining i tre månader eller meir. Ein bustad kan innehalde fleire bueiningar.
- k) *Bustad*: Bygg som blir brukt til bustadføremål, medrekna fritidsbustad.
- l) *Fritidsbustad*: Bygg som i matrikkelen er registrert som fritidsbustad, eller hytte som kan nyttast i samband med ferie og fritid. I tvilstilfelle avgjer Øygarden kommune kva som skal reknast som fritidsbustad.
- m) *Kombinasjonsbygg*: Bygg med både bueiningar (bustader) og brukseiningar (næringsverksemd /offentleg verksemd).

- n) *Næringseigedom*: Bygg som ikkje er bustad, fritidsbustad eller kombinasjonsbygg. Bygg for offentlege føremål blir klassifiserte som næringseigedom.
- o) *Bruksareal (BRA)*: Bruksareal registrert i matrikkelen med utgangspunkt i NS 3940, Areal- og volumberegninger av bygninger; punkt 5.3.5 «Bruksareal for en bygning».
- p) *Burettslag/sameige*: Bygg som blir brukt til bustadføremål, og som er regulert av lov om burettslag eller lov om sameige.
- q) *Stipulert forbruk*: Forventa forbruk hos ein abonnent, fastsett på grunnlag av bruksareal (BRA).
- r) *Tilknytingsgebyr*: Eingongsgebyr som blir betalt ved tilknytning til offentlig vass- og avløpsleidning.
- s) *Årsgebyr*: Gebyr som abonnentar kvart år betaler for tilgang til kommunens vass- og avløpsstenester. Årsgebyret er delt i ein forbruksdel og ein fastdel.

## § 4 GENERELL GEBYRPLIKT

Plikta til å betale vass- og/eller avløpsgebyr gjeld abonnentar

- a) med eigedom som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, direkte eller gjennom eiga/felles privat stikkeleidning
- b) med eigedom som kommunen i medhald av plan- og bygningslova § 27-1 eller § 27-2 har kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning
- c) som elles utfører tiltak som er omfatta av § 8-1 om gebyrplikt for tilknytingsgebyr og av § 9-1 om gebyrplikt for årsgebyr

Abbonnten står ansvarleg for gebyra.

## § 5 GEBYRTYPAR

Gebyrtypane er

- a) eingongsgebyr for tilknytning til høvesvis vatn og avløp
- b) årsgebyr for høvesvis vatn og avløp
- c) frammøtegebyr for avlesing av vassmålar
- d) gebyr for plombering, stenging og nyopning av vassforsyninga
- e) gebyr for kontroll av vassmålar
- f) gebyr for mellombels tilknytning

## § 6 GEBYRSATSAR

Gebysatsane blir fastsette årleg av kommunestyret og trer i kraft frå det tidspunktet kommunestyret bestemmer. Gebyra skal fullt ut dekkje kommunens kostnader ved levering av tenestene som denne forskrifta regulerer.

Gebysatsane går fram av gebyrregulativet og er tilgjengelege på heimesidene til Øygarden kommune.

## § 7 AREALBEREKNINGSMETODE

Ved berekning av tilknytingsgebyr etter § 8-1 og den faste delen av årsgebyret, eller forbetaling ved stipulert forbruk etter §§ 9-3 og 9-6 skal arealet målast etter NS 3940, Areal- og volumberegninger av bygninger, punkt 5.3.5 «Bruksareal for en bygning».

Arealutrekninga skal leggjast til grunn for utrekning av vass- og avløpsgebyra, med dei unntaka som går fram av denne paragrafen.

For bygningar med etasjehøgder over 3 meter skal det ikkje bereknast bruksareal som om det var lagt eit horisontalplan for kvar tredje meter (fiktive etasjar).

For eksisterande bygg der bruksareal manglar eller er ufullstendig angitt i matrikkelen, kan andre registrerte arealdata nyttast fram til bruksareal etter NS 3940 ligg føre. Viss kommunen manglar korrekte opplysningar om bruksareal, pliktar abonnenten å skaffe dette.

## § 8 TILKNYTINGSGEBYR

### § 8-1 Gebyrplikt

Tilknytingsgebyr blir berekna for heile eigedommen under eitt. For ein eigedom med fleire bygg vil det samla arealet på bygningane utgjere grunnlaget for gebyrberekninga. For ein eigedom med utvendig vasspost vil bygg på eigedommen bli rekna som gebyrpliktige. Det blir ikkje rekna gebyr for eigedommar utan bygningar.

Tilknytingsgebyret blir berekna per m<sup>2</sup> bruksareal (BRA), jf. § 7:  
tilknytingsgebyr (kr) = BRA (m<sup>2</sup>) x pris (kr/m<sup>2</sup>).

Tilknytingsgebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp skal betalast:

- Ved tilknytning av eigedom med bygg til kommunal vass- og/eller avløpsleidning. For bygningsmasse opptil 75 kvadratmeter skal det betalast eit fast grunnbeløp. For bygningsmasse som blir oppført eller knytt til, og som er større enn eller lik 75 kvadratmeter, skal heile bruksarealet leggjast til grunn i berekninga.
- For utviding av eksisterande areal på eigedom med bygg der arealutvidinga er større enn 75 kvadratmeter. Heile bruksarealet på arealutvidinga skal leggjast til grunn ved berekninga. Dette gjeld også der arealauken skjer gradvis, fordelt på fleire utbyggingsetappar.

Når ei eksisterande bygning blir riven i samband med nybygg, skal det overskytande bruksarealet leggjast til grunn ved berekning av eingongsgebyret dersom eksisterande bygg var tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning. Dette gjeld også gjenoppbygging etter brann. Kommunen kan krevje dokumentasjon på tidlegare betalt gebyr.

Tilknytingsgebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp skal ikkje betalast:

- a) For bygg som har mellombels tilknytning i opptil to år, til dømes brakkerigg. Dersom tilknytninga varer i meir enn to år, skal tilknytingsgebyr påleggjast. Alle kostnader for tilknytning og fråkopling skal betalast av abonnenten.
- b) For særskild tilknytning av sprinklaranlegg på eigedom der det er betalt for tilknytning av ordinært vatn og avløp.

## § 8-2 Ansvar og betaling

Abonnenten har ansvar for å søkje om tilknytingsrett til offentleg vass- og avløpsnett. Den som er abonnent på det tidspunktet gebyrplikta oppstår, er ansvarleg for å betale gebyret og vil få tilsendt faktura. Eingongsgebyret for tilknytning skal vere betalt innan forfallsdatoen som er angitt på fakturaen, og seinast før tilknytninga finn stad.

Rekning kan etter avtale sendast til f.eks. utbyggjar av eit bustad-/næringsprosjekt i samband med at igangsetjingsløyve blir gitt. Eigaren av den enkelte eigedommen er i alle tilfelle ansvarleg for at tilknytingsgebyret blir betalt til Øygarden kommune.

Gebyret kan krevjast frå det tidspunktet då igangsetjingsløyve blei gitt. Gebyret blir fakturert etter gjeldande sats ved gitt igangsetjingsløyve.

For nye og eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjent, skal tilknytingsgebyr betalast etter gjeldande sats på det tidspunktet kravet blir sett fram. Tilknytningstidspunktet skal så langt det lèt seg gjere, vere kartlagt og dokumentert. Slik berekning inneber ikkje at Øygarden kommune har godkjent tilkoplinga. Tilkoplinga er først godkjent når skriftleg søknad om sanitærabonnement blir godkjent av Øygarden kommune. Viss ikkje kommunen har godkjent fråkoplinga, skal abonnenten betale årsgebyr inntil fråkoplinga er godkjent.

## § 9 ÅRSGEBYR

### § 9-1 Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast av abonnenten for alle eigedommar som

- a) er tilknytte kommunalt vass- eller avløpsanlegg
- b) er pålagde tilknytning i medhald av lov, og der fristen for tilknytning er utgått

Årsgebyr skal bereknast for heile eigedommen under eit.

Gebyrplikta gjeld også for utandørs tappepunkt/vasspost på eigedom med bygg.

For nybygg blir årsgebyr berekna frå første månad etter at kommunen har gitt mellombels bruksløyve, eller etter at eigedommen blir teken i bruk dersom kommunen ikkje har gitt mellombels bruksløyve. For eksisterande bygg blir årsgebyr berekna frå første månad etter innsending av dokumentasjon på utført påkopling til offentleg vatn og/eller avløp, seinast når vass- og avløpstenesta blir teken i bruk.

### § 9-2 Oppbygnaden av gebyret

Årsgebyra for vass- og avløpstenester består av to delar:

- a) abonnementsgebyr (fast del)
- b) forbruksgebyr (variabel del)

Det bereknast eit årsgebyr pr eigedom.

Kostnader knytte til vass- og avløpstenestene skal dekkjast inn gjennom gebyra etter sjølvkostprinsippet. Kor stor del av årsgebyret som skal vere høvesvis fast og variabel del, blir kvart år fastsett i gebyrregulativet.

### § 9-3 Abonnementsgebyr

Fastleddet er todelt og består av ein fast del og ein arealbasert del:

Abonnementsgebyr = Fast del + Arealbasert del  $[\text{kr}/\text{m}^2] \times \text{BRA}[\text{m}^2]$ .

Fast del består av ein fast sats pr brukseining og/eller pr bueining på eigedommen. Unntak for dette gjeld for bygg med fleire brukseiningar (useksjonert) med ein og same eigar. For slike bygg skal det berre svarast ein fast del.

Arealbasert del blir berekna på grunnlag av totalt bruksareal på eigedommen og fastsett kvadratmeterpris. Totalt bruksareal på eigedommen avgrensast til bygg som er tilknytt. Dette gjeld uansett kva eigedommen blir nytta til. Viss det er innvendig tilkomst mellom bygningane, er desse gebyrpliktige etter samla bruksareal, sjølv om det berre er den eine bygninga som er knytt til offentleg vatn og/eller avløp.

Dei til ein kvar tid gjeldande satsar for fastleddet kjem fram av gebyrregulativet.

### § 9-4 Forbruksgebyr

Abonnentane skal betale forbruksgebyr etter målt eller stipulert forbruk, som vassforbruk i kubikk. Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret blir fastsett ut frå målt forbruk.

Som hovudregel gjeld det at avløpsmengda ut er lik vassmengda inn ved berekning av forbruksgebyr. Unntak frå dette er nemnt i § 9-7. Det blir ikkje gitt nedsett forbruksgebyr for storforbrukarar av vatn.

## § 9-5 Betaling etter målt forbruk

Forbruksgebyr etter målt forbruk skal betalast for følgjande:

- a) For alle nybygg der rammeløyve er gitt frå og med 1. januar 2020, skal vassforbruket fastsetjast etter målt forbruk. For eksisterande bustader, naust og fritidsbustader kan den gebyrpliktige og Øygarden kommune sjølv velje om forbruksdelen av gebyret skal avreknast etter stipulert eller målt forbruk, jf. forureiningsforskrifta § 16-4 andre ledd.
- b) For bygg til næringsformål eller offentlege formål, næringsdel eller del sett av til andre formål i blandingsbygg og forsamlingshus.
- c) For kombinasjonsbygg.
- d) For anlegg med varig eller mellombels tilknytning i samband med oppføring av bygg eller anlegg. Dette gjeld også for anlegg på ein ikkje-utbygd eigedom som kunne vore kravd tilknytt etter plan- og bygningslova § 27-1 eller § 27-2 dersom eigdommen hadde vore utbygd.
- e) For eigedom med permanent basseng på over 5 kubikk som er tilknytt offentleg vassforsyning.

Desse eigedommane skal ha installert vassmålar, lese av målareren minst ein gong i året og levere resultatet til Øygarden kommune.

For mellombelse tilknytningar kan kommunen fråvike kravet om vanleg vassmålar dersom vassforbruket kan fastsetjast på andre måtar. Dersom det ikkje er mogeleg å installere vassmålar, kan Øygarden kommune fastsetje eit stipulert forbruk.

## § 9-6 Betaling etter stipulert forbruk

Eigedommar/bygg som ikkje har montert vassmålar, skal betale gebyr etter stipulert forbruk.

Stipulert forbruk blir fastsett ut frå eigedommanes bruksareal (BRA) med ein faktor for vassforbruk per kvadratmeter BRA. Faktor for vassforbruk per kvadratmeter BRA blir fastsett i gebyrregulativet. For bustad/bueining kan kommunen sette ein øvre grense for det bruksareal (BRA) det skal stipulerast for.

Bruksareal på eigdommen målast etter måleregiane i NS 3940 - Bruksareal jf. § 7, med dei arealavgrensningar som er omhandla under § 9-3.

## § 9-7 Reduksjon av eller tillegg til årsgebyr

Restriksjonar på vassforbruk, avbrot i vassleveranse eller i mottak av avløpsvatn gir ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra, med dei unntak som er omhandla under § 9-8.

Fråflytting eller fråvær gir ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra.

Dersom ein eigedom blir kopla frå det offentlege vass- og/eller avløpsnettet ved at stikkleidninga blir plugga ved hovudleidninga, kan abonnenten søkje om fritak for forbruksgebyret. For å få fullt fritak frå årsgebyra må abonnenten søkje kommunen om mellombels dispensasjon frå tilkoplingsplikta jf. plan- og bygningslova kapittel 27.

Dersom søknaden blir innvilga, vil Øygarden kommune krevje betaling for fråkopling/tilkopling. Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet. Ny tilknytning av eigdommen utløyser ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning. Kommunen føreset at både fråkopling og ny tilknytning blir utført for abonnentens rekning.

Er eit bygg på eigdommen fjerna, nedbrunne eller øydelagt, slik at det ikkje kan nyttast, skal årsgebyret betalast inntil stikkleidninga er kopla frå (plugga) ved hovudleidninga.

Dersom avløpsmengda ein abonnent har, er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp bli rekna ut på grunnlag av stipulert avløpsmengde, eventuelt kan avløpsmengda bli målt særskilt. For næringsverksemd der forbruket av vatn til produksjon medfører at mengda avløpsvatn avvik vesentleg frå målt vassbruk, kan Øygarden kommune basere avløpsgebyret på eiga måling av tilført avløpsvatn til kommunalt nett, eller på særskild avtale.

Ved dødsfall utan kjende arvingar og liknande kan Øygarden kommune – som eit eingongsiltak – utsetje innkrevjinga av heile eller delar av gebyret i inntil to kvartal.

## § 9-8 Gebyrreduksjon i medhald av reglane om prisavslag i forbrukarkjøpslova

Abonnenten har rett til reduksjon i gebyr (prisavslag) ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av reglane om prisavslag i forbrukarkjøpslova. Abonnenten har rett til redusert gebyr dersom eit ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varer i meir enn 24 timar.

Føresetnaden for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast forhold som Øygarden kommune er ansvarleg for, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Øygarden kommune pliktar å bidra til å avklare ansvarsforholdet.

Generell tilråding om koking som sikkerheitstiltak etter trykkfall som følge av reparasjon, spyling, brannsløkking mv. gir ikkje gebyrreduksjon.

Krav om redusert gebyr må fremjast innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon. Sats for gebyrreduksjon går fram av gebyrregulativet.

## § 9-9 Berekning av forbruksgebyr ved lekkasjar

Øygarden kommune kan påleggje abonnenten å utbetre/tette lekkasjar på privat stikkleidning innan nærmare angitt frist.



Ved lekkasje som ikkje kan registrerast gjennom vassmålar, kan forbruksgebyret bereknast etter antatt lekkasjemengde for perioden.

Der lekkasjevatt kan registrerast gjennom vassmålar, må abonnenten betale forbruksgebyr basert på vassmålar (faktisk målt forbruk) både for vatn og avløp.

### § 9-10 Ansvar for opplysningar om abonnement

Abbonenten skal melde frå til Øygarden kommune om endringar i abonnementsforholdet. Inntil Øygarden kommune har fått melding og oppdaterte abonnementsdata frå matrikkelen, skal abonnenten betale årsgebyr som tidlegare.

### § 9-11 Ansvar for gebyra

Abbonenten har ansvar for å betale årsgebyret. Øygarden kommune kan sende faktura til ein annan rekningsmottakar enn abonnenten når særlege forhold ligg føre. Ansvarsforholdet blir uansett som omhandla ovanfor.

Øygarden kommune kan, etter skriftleg søknad, gi løyve til samarbeid om felles vassmålar. Dette gjeld berre for bygg med same gards- og bruksnummer. Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter lov om eigarseksjonar, er kvar abonnent ansvarleg for mengdevariabel del av gebyret i samsvar med sin tinglyste eigarpart, med mindre anna fordeling følgjer av avtale mellom partane. Det skal vere teikna abonnement for kvar abonnent. Kvar abonnent skal også betale eit fastledd basert på eigarpart i byggets totale areal. Gjeld slikt samarbeid eit burettslag, er abonnenten (burettslaget) ansvarleg for gebyret.

### § 9-12 Retting av feil gebyrberekning

Har mangelfulle eller feil opplysningar ført til feilaktig gebyrutrekning, skal utrekninga rettast og differansen gjerast opp. Krav som er forelda etter reglane i foreldingslova, blir ikkje dekte.

Rentegodtgjersle blir fastsett i tråd med den til kvar tid gjeldande forseinkingsrenta som følgjer av forseinkingsrentelova av 17. desember 1976 nr. 100. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, blir ikkje dekte.

## § 10 BESTEMMINGAR OM INSTALLASJON OG BRUK AV VASSMÅLAR

### § 10-1 Installasjon

Øygarden kommune bestemmer kor mange vassmålalar kvar abonnent skal ha, og dessutan type, storleik og plassering på vassmålaren. Vidare bestemmer Øygarden kommune når målaren skal installerast, og kan gi pålegg om skifte av vassmålar.

Øygarden kommune skal godkjenne den som skal stå for installasjon og vedlikehald, og dessutan eventuell flytting, byting eller fjerning av målaren.

Dersom ein eksisterande eigedom med vassmålar blir oppdelt i nye eigedommar, skal kvar av dei nye eigedommane ha eigen vassmålar.

Abonnentar kan – etter godkjent søknad til Øygarden kommune – samarbeide om felles vassmålar viss det vil vere uforholdsmessig kostbart å installere eigen målar for kvar eining. Årsgebyret skal fordelast på abonnentane etter reglane i § 9-11 andre ledd.

Pålagd vassmålar for ny eigedom skal vere installert seinast når det blir gitt mellombels bruksløyve eller eigedommen blir teken i bruk, og for eksisterande eigedom ved tilknytning. Viss dette ikkje blir gjort, skal abonnenten betale stipulert årsgebyr etter § 9-6.

For installasjon og bruk av vassmålar gjeld elles kommunens tekniske bestemningar.

### § 10-2 Eigarforhold og kostnader

Den som har kosta vassmålaren, er eigar av denne. Abonnenten kostar installasjon, drift og utskifting av vassmålar. For vassmålalarar som Øygarden kommune eig, blir vassmålarleige betalt i samsvar med fastsette satsar.

### § 10-3 Avlesing av vassmålar

Abonnenten skal lese av vassmålaren så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogeleg og sende resultatet til Øygarden kommune innan fastsett frist.

Dersom ikkje abonnenten set i verk avlesing, kan Øygarden kommune etter puring fastsetje årsgebyret skjønsmessig på grunnlag av tidlegare forbruk eller på grunnlag av stipulert forbruk i samsvar med § 9-6. Øygarden kommune kan også sjølv setje i verk avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten og kan krevje særskilt gebyr for dette.

Fjernavlesne vassmålalarar som automatisk blir avlesne av Øygarden kommune, treng ikkje innrapporterast frå abonnentens side.

### § 10-4 Tilsyn og vedlikehald

Abonnenten skal halde målaren lett tilgjengeleg for avlesing, tilsyn og vedlikehald.

Abonnenten skal føre tilsyn med målaren. Abonnenten er også ansvarleg for å følgje med på forbruksutviklinga, slik at lekkasjar eller feil blir oppdaga snarast mogleg. Dersom ein målar blir skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til Øygarden kommune, som kan stipulere vassmengda ved skjøn. Broten plombering på målaren blir òg rekna som skade. Øygarden kommune kan føre tilsyn med målaren. Kontrolløren frå Øygarden kommune skal legitimere seg uoppmoda.

### § 10-5 Nøyaktigheitskontroll

Både Øygarden kommune og abonnenten kan krevje nøyaktigheitskontroll av målaren.

*Eigenkontroll:*

- Øygarden kommune skal rettleie abonnentane om eigna metode for eigenkontroll av målar.

*Enkel kontroll:*

- Både Øygarden kommune og abonnenten kan krevje ytterlegare nøyaktigheitskontroll av målar. Øygarden kommune avgjer om kontrollen skal utførast av Øygarden kommune eller av ekstern kontrollinstans.
- Kontrollen skal utførast med måleutstyr og prosedyrar for måling som er godkjent av Justervesenet. Kontrollen skal gjelde heile det aktuelle måleområdet.

*Utvida kontroll:*

- Krev abonnenten ytterlegare nøyaktigheitskontroll av målar, skal abonnenten bere kostnadene ved slik kontroll dersom kontrollresultatet ligg innanfor feilmarginen etter § 10-6. I motsett fall dekkjer Øygarden kommune kostnadene.

*Justering eller utskifting av målar:*

- Dersom målenøyaktigheita ikkje er tilfredsstillande, skal målar justerast eller skiftast ut. Krav om endra måleområde for ny målar skal vurderast.

**§ 10-6 Avrekning ved feilmåling**

Dersom målar ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling av for mykje betalt forbruksgebyr som følgje av feilmålinga. Er plomberinga av målar broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetalinga skal reknast frå det tidspunktet ein må rekne med at feilen oppstod.

Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, blir ikkje dekte.

Viser målar meir enn 5 % for lågt forbruk, har Øygarden kommune krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar.

**§ 10-7 Utskifting og flytting**

Er målenøyaktigheita for dårleg, bestemmer Øygarden kommune om målar skal justerast eller skiftast ut. Når vanleg levetid for ein målar er nådd, kan Øygarden kommune bestemme at målar skal justerast eller skiftast ut.

Øygarden kommune kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med Øygarden kommunes krav til plassering. Abonnenten kostar slik flytting.

**§ 11 INNBETALING AV ÅRSGBYR**

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter pantelova § 6-1. Kommunen kan krevje inn gebyra etter reglane for innkrevjing av skatt.

**§ 11-1 Innbetaling**

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir innkravde på felles faktura. Faktura blir send til abonnent.

Avlesing av målt vassforbruk blir gjort minst éin gong per år. Forbruksgebyret skal betalast à konto basert på fjorårets forbruk, dersom ikkje anna er avtalt med kommunen. Avrekning skjer etterskotsvis minst éin gong per år.

### § 11-2 Manglande innbetaling

Dersom årsgebyret ikkje er betalt innan ein månad etter at den gebyrpliktige har fått andre gongs varsel om innbetaling, kan kommunen – dersom ikkje kommunelegen motset seg det – stengje den kommunale vassforsyninga til eigedommen. Øygarden kommune kan påleggje den gebyrpliktige eit tilleggsgebyr i samband med avstenging og påsetjing av vassforsyninga.

### § 12 KLAGE OG OMGJERING

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er fastsett i kommunens gebyrregulativ, jf. bestemmingane i forvaltningslova.

Kommunen kan etter søknad eller på eige initiativ heilt eller delvis gi avkall på påkomne gebyr dersom særlege grunnar tilseier det. Det vil seie tilfelle der det vil vere sterkt urimeleg å gjere eit gebyrkrav gjeldande på bakgrunn av dei konkrete omstenda i ei sak.

Enkeltvedtak som Øygarden kommune har gjort i medhald av denne forskrifta, kan påklagast til ei særskild klagenemnd, jf. forvaltningslova § 28 andre ledd.

Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om abonnenten har klagd på gebyrvedtaket.

### § 13 IKRAFTSETJING

Forskrifta trer i kraft 01.01.2020.

Frå same tid blir gjeldande forskrift om vass- og avløpsgebyr i Fjell kommune, Sund kommune og tidlegare Øygarden kommune oppheva.

### § 14 DELEGERING

Kommunestyret kan delegerere oppgåver og ansvar etter denne forskrifta i den grad det er høve til det.